


Turstiar i Hjelmeland

www.hjelmeland.kommune.no



P Parkering

Informationsskilt

Utkikkspunkt

Ritlandskrateret



Turen startar på Kleivaland i Vormedalen. Frå Hjelmeland sentrum følgjer ein fylkesvegen mot Vormedalen og Tøtlandsvik (Vormedalsvegen). Avkjørsel frå fylkesvegen ved Laugaland er skilta til Kleivaland.

Turen er ei rundløype der målet er gapahuken som har utsyn over det spesielle meteorittkrateret på Ritland. Ritlandskrateret er eit ca. 500 millionar år gammalt meteorittkrater. Krateret er om lag 2,7 kilometer i tverrmål, men er framleis delvis delvist skjult.

Etter besøket i gapahuken, der det er informasjonsskilt som fortel meir om krateret, går turen inn i sjølve krateret. I aust er det ein 400 meter høg skrent. Skrenten er restar av sjøleire som fylte krateret etter dannninga, og er mykje yngre (geologisk sett) enn bergartane omkring. Det er også den einaste


staden i Rogaland kor du kan finna
fossil i fjellet.

Har du lyst til å utforska
kraterområdet vidare, vil vi råda deg
til å bruka vasstette sko eller støvlar.

Rundløypa følgjer i hovudsak traktorveg på vegen frå parkeringa ved Kleivaland og opp til gapahuken (nordre del av rundløypa). På returnen (søre del av løypa) følgjer den Stavanger Turistforening sin turistveg som går vidare til mellom anna Melands Grønahei.

Turen går for det meste i lett terren og på godt underlag. Rundløypa er om lag 6-7 km lang og du må rekne ca. 1 time kvar yeg.

Meir informasjon om turen og
krateret kan ein finna på
www.ritlandskskrateret.no.



Ritlandskraterets oppdagar,
geolog Fridtjof Riis.
(Foto: Eldfinn Austigard)



Gapahuken ovanfor Grøbane.
(Foto: Eldfinn Austigard)



Haustsol på vegen til Ritland
(Foto: John Petter Nordbø)